

## Sak 9 Endringar i lova og styringsføresegna

Styret gjer framlegg om endring i lova og i styringsføresegnene. Det gjer vi for å

- Gjere regelverket vårt meir i samsvar med praksis
- Ta inn reguleringar som har vore for dårlege/utydelege
- Rette skrivefeil
- A. Framlegg til endringar er delt inn etter tema, inndelt med bokstavar.  
Sanksjonsparagrafen
- B. Ombod for medlemmer under 14 år
- C. Arbeidsfordeling vedtak og godkjenning av den samla rekneskapen for  
Bondeungdomslaget i Oslo
- D. Endring i Styringsføresegna
- E. Framlegg til endringar utan endring av meiningsinnhald (språkrettingar)

Der det er naturleg, er både endring i Lova (L) og Styringsføresegna (S) teken med under same tema

Framlegg til ny tekst er vist i [blå skrift i kursiv og understreking](#).

Framlegg til stryking av tekst er vist med gjennomstreking.

### Krav til endring

Endring i lova krev 2/3 fleirtal og at minst 8 % av dei røysteføre er til stades på årsmøtet. Endringa i styringsføresegna krev vanleg (simpelt) fleirtal, det vil seie at halvparten støttar ei endring.

#### L § 16 LOVBRIGDE

Denne lova kan brigdast på eit årsmøte <sup>(1)</sup> med to tredelar fleirtal, når talet på røysteføre <sup>(2)</sup> til stades svarar til minst 8 prosent av alle som har røysterett i laget.

Men til brigde i paragrafane 1, 15 og i dette punktet krevst det samrøystes vedtak.

Framlegg med grunngjeving må kunngjerast i sending frå styret til medlemene minst ein månad føreåt.

#### S § 31 ENDRING AV LOVA OG STYRINGSFØRESEGNENE

Om framlegget til lovbrigde <sup>(1)</sup> gjev styret skriftleg tilråding til årsmøtet <sup>(2)</sup>. Styringsføresegna kan endrast med vanleg fleirtal på eit årsmøte <sup>(3)</sup>. Framlegg må kunngjerast som for lovbrigde<sup>(4)</sup>

## A. “Sanksjonsparagrafen” L § 3

### § 3 Lagsfolk 4. ledd

Årsmøtet i 2022 vedtok etiske retningslinjer. Vi foreslår å endre sanksjonsparagrafen slik at det blir sammenheng mellom retningslinjene og paragrafen.

Vi foreslår å erstatte noverande tekst med heilt ny tekst.

#### **Noverande tekst**

Medlem som motarbeider lagsføremålet, eller som trass i åtvaring ikkje vil retta seg etter lova og føresegnene, kan styret med fem røyster stengja ute frå laget. Medleimen kan klaga vedtaket inn for laget, og kan i klaga krevja at saka skal avgjerast av ei nemnd vald av laget

#### **Framlegg:**

*Ein medlem som motarbeider lagsføremålet, eller som gjennom framferda si ikkje rettar seg etter lagslova, dei etiske retningslinjene, styringsføresegnene eller allment lovverk - i laget og i omgang med andre lagsmedlemer - kan møtast med desse reaksjonane frå styret:*

- *munneleg eller skriftleg åtvaring*
- *utestenging frå øvingar og andre arrangement*
- *tap av tillitsverv*

*Dersom reaksjonane over ikkje skulle føra fram, kan eit samrøystes styre stengja medleimen ute frå laget. Medleimen kan klaga vedtaket inn for laget, og kan i klagen krevja at saka skal avgjerast av ei nemnd vald av årsmøtet.*

## B. Ombod for medlemmar under 14 år L § 3

### § 3 Lagsfolk 5. ledd,

Denne paragrafen var primært meint for Barnelaget, då det eksisterte, slik at laget kunne ha eit fungerande styre. Aktivitetane til Barnelaget er no er innlemma i Leikarringen.

Vi foreslår ei endring som opnar opp for at i særslag med medlemmer under 14 år, kan føresette få observatørplass i særlagsstyret, med talerett utan stemmerett.

Lagsstyret meiner at det ikkje er naturleg at nokon som ikkje er medlemmer, sjølv om dei “stør føremålet” skal kunne veljast til ombod med rettar som ordinære medlemmer.

Vi foreslår å erstatte noverande tekst med ein ny tekst.

#### **Noverande tekst:**

I særslag som ikkje har medlemer over 14 år, kan føresette som stør føremålet år Bondeungdomslaget og som har born i laget, veljast til ombod utan å vera medlem i Bondeungdomslaget.

#### **Framlegg til nytt 5. ledd:**

*I særslag som ikkje har medlemer over 14 år, kan særлага fastsetta at 1-2 føresette kan delta i styret som observatørar med talerett, men utan røysterett.*

## C. Arbeidsfordeling vedtak og godkjenning av den samla rekneskapen for Bondeungdomslaget i Oslo

### L §§ 5, 8, 11 og S § 18

Det er i dag ikkje vedtektsfesta ei klar rollefordeling for kven som vedtek og kven som godkjenner rekneskapen. Etter ønskje frå revisor, gjer vi framlegg om endring i fleire paragrafar slik at rollefordelinga mellom lagsstyret, rådet og årsmøtet blir klarare og i samsvar med aksjelova, der styret **vedtek** rekneskapen, medan årsmøtet **godkjenner** rekneskapen.

Rekkefølga på vedtaka blir då denne:

1. Styret i BHAS vedtek rekneskapen til BHAS
2. Generalforsamlinga i BHAS (rådet+lagsstyret) godkjenner rekneskapen til BHAS
3. Lagsstyret legg fram rekneskapen for rådet. Rådet tilrår at årsmøtet godkjenner denne.
4. Lagsstyret vedtek den samla rekneskapen for konsernet Bondeungdomslaget i Oslo
5. Årsmøtet i laget godkjenner den samla rekneskapen

### L § 5 Styreoppgåver, nytt 3. ledd

I denne paragrafen tek vi altså inn at lagsstyret **vedtek** den samla rekneskapen. Årsmøtet skal **godkjenne** rekneskapen.

#### Noverande tekst:

Styret står føre lagsarbeidet og gjer dei vedtaka som ikkje lova legg til eit lagsmøte (1) eller årsmøtet (2). Styret tilset i samråd med rådet tenestefolk og fastset vilkåra. Styret kan gjeva tilsette fullmakt til å binda laget i det daglege arbeidet deira, likevel ikkje i saker som går under § 10.

Innsende framlegg (3) frå lagsfolk til vedtak (4) i laget, skal styret gjeva tilråding om.

Styret har innsynsrett i særлага (5) og i dei økonomiske tiltaka laget driv.

Styret set i verk alle vedtak.

Laget vert bunde med underskrift av lagsleiaren og ein annan styremedlem saman.

Lagsleiaren målber laget utetter.

#### Framlegg til nytt 3. ledd:

Styret står føre lagsarbeidet og gjer dei vedtaka som ikkje lova legg til eit lagsmøte (1) eller årsmøtet (2). Styret tilset i samråd med rådet tenestefolk og fastset vilkåra. Styret kan gjeva tilsette fullmakt til å binda laget i det daglege arbeidet deira, likevel ikkje i saker som går under § 10.

Innsende framlegg (3) frå lagsfolk til vedtak (4) i laget, skal styret gjeva tilråding om.

Styret har innsynsrett i særлага (5) og i dei økonomiske tiltaka laget driv.

[Styret gjer vedtak om den samla rekneskapen for laget og dotterselskap.](#)

Styret set i verk alle vedtak.

Laget vert bunde med underskrift av lagsleiaren og ein annan styremedlem saman.

Lagsleiaren målber laget utetter.

## L § 8 Rådsoppgåver, endring 5. ledd

I dag er det Rådet som "gjer vedtak" om den samla rekneskapen. Dette endrar vi, slik at generalforsamlinga (rådet+lagsstyret) i Bøndenes Hus AS (BHAS) **godkjenner** rekneskapen for BHAS (dotterselskap), som er **vedteken** av styret i BHAS.

Dette kan vi gjere fordi generalforsamlinga i BHAS no blir halden før årsmøtet i laget. Det gjer det mogeleg for årsmøtet i laget å godkjenne heile rekneskapen for BHAS og laget samtidig.

Dersom det viser seg at generalforsamlinga i BHAS må haldast etter årsmøtet i laget, så kan årsmøtet i laget gje rådet fullmakt til å godkjenne den samla rekneskapen.

### Noverande tekst

Rådet skal ha overordna tilsyn med økonomien i laget, og i økonomiske tiltak laget eig eller er med i. Det skal gje råd til styret i saker som har monaleg økonomisk omfang og som styret legg fram for dei eller som rådet meiner er så viktige at rådet tek dei opp av eige tiltak.

Rådet skal gje tilråding om rammene for lagsbudsjettet og i saker etter § 10.

Rådet fastset etter framlegg frå styret, og i god tid før årsskiftet, rammene for eit mellombels budsjett for lagsdrifta.

Rådet saman med styret, skal gjera teneste som årsmøte for selskap som laget eig. Innkalling og sakliste skal sendast ut minst to veker før møtet. Dette organet er vedtaksført når minst 9 medlemmer er til stades. Vedtak som gjeld pantsetjing, avhending eller bortleige for 10 år eller meir av fast eigedom, treng to tredelar fleirtal. Vedtak om avhending eller bortleige for 10 år eller meir av Rosenkrantz' gate 8 (heile eller delar) må godkjennast av eit årsmøte i laget. Det same gjeld for endring av vedtektene for selskap som laget eig, når endringa gjeld føremål, styringsmål eller alkoholserving.

Rådet gjer vedtak om konsernrekneskapen for Bondeungdomslaget i Oslo på grunnlag av rekneskapane for dotterselskap og årsmøtevedtak om rekneskapen for laget og særlaga.

### Endringframlegg 5. ledd

Rådet [og styret som årsmøte gjer vedtak om godkjenner](#) konsernrekneskapen [for Bondeungdomslaget i Oslo på grunnlag av rekneskapane](#) for dotterselskap og [gir tilråding til årsmøtet om årsmøtevedtak godkjenning av om](#) rekneskapen for laget og særlaga. [Rådet godkjenner den samla rekneskapen om denne oppgåva er delegert av årsmøtet.](#)

### Ny tekst 5. ledd

Rådet og styret som årsmøte godkjenner konsernrekneskapen for dotterselskap.

Rådet gir tilråding til årsmøtet om godkjenning av rekneskapen for laget og særlaga.

Rådet godkjenner den samla rekneskapen om denne oppgåva er delegert av årsmøtet.

## L § 11 Årsmøtet, endring pkt 3, og nytt 5. ledd

### Noverande tekst

Årsmøtet skal heldast seinast i mars. -Omframt årsmøte vert halde når styret meiner det er turvande eller det vert kravt skriftleg av minst 50 røysteføre medlemmer.

Til årsmøtet skal styret senda innkalling med sakliste til medlemene minst ein måned føreåt. Årsmøtet kan berre taka stode til saker som står på saklista.

Årsmøtesaker <sup>(1)</sup> er:

1. Årsmelding frå styret og særлага
2. Melding frå rådet
3. Rekneskap for laget og særлага
4. Melding om forretningsverksemda og økonomiske tiltak laget er med i
5. Fastsetjing av årspengane
6. Arbeidsprogram for laget
7. Budsjett for laget, medrekna investeringar, løyvingar til særlagsarbeidet og andre løyvingar
8. Val til styret <sup>(2)</sup> jf. § 4
9. Val til rådet <sup>(3)</sup> jf. § 7
- 10 Val til andre ombod <sup>(4)</sup> i eller for laget
11. Val til utsendingar <sup>(5)</sup> og samskipnader
12. Lovbrigde <sup>(6)</sup> jf. § 16
13. Endring <sup>(7)</sup> av styringsføresegnene jf. § 14

Årsmøtet kan òg ha føre andre saker, om dei er viktige for laget. Val på utsendingar kan òg gjerast på lagsmøte.

### Endringframlegg pkt 3 og nytt 5. ledd

Årsmøtet skal heldast seinast i mars. -Omframt årsmøte vert halde når styret meiner det er turvande eller det vert kravt skriftleg av minst 50 røysteføre medlemmer.

Til årsmøtet skal styret senda innkalling med sakliste til medlemene minst ein måned føreåt. Årsmøtet kan berre taka stode til saker som står på saklista.

Årsmøtesaker <sup>(1)</sup> er:

1. Årsmelding frå styret og særлага
2. Melding frå rådet
3. Rekneskap for laget og særлага, [og godkjenning av samla rekneskap for laget og dotterselskap](#)
4. Melding om forretningsverksemda og økonomiske tiltak laget er med i
5. Fastsetjing av årspengane
6. Arbeidsprogram for laget
7. Budsjett for laget, medrekna investeringar, løyvingar til særlagsarbeidet og andre løyvingar
8. Val til styret <sup>(2)</sup> jf. § 4
9. Val til rådet <sup>(3)</sup> jf. § 7
- 10 Val til andre ombod <sup>(4)</sup> i eller for laget
11. Val til utsendingar <sup>(5)</sup> og samskipnader
12. Lovbrigde <sup>(6)</sup> jf. § 16
13. Endring <sup>(7)</sup> av styringsføresegnene jf. § 14

Årsmøtet kan òg ha føre andre saker, om dei er viktige for laget. Val på utsendingar kan òg gjerast på lagsmøte.

[Årsmøtet kan gje rådet fullmakt i vedtak i punkt 3.](#)

## S § 18 Rekneskap, endring av paragrafen

### Noverande tekst

Rekneskapen (1) for laget og særlaga skal drøftast i rådet (2)

1. I juni for januar – april
2. I oktober for januar – august
3. I februar for heile året

Særlaga skal før 1. februar kvart år senda styret og rådet budsjett og godkjend rekneskap.

Styret skal setja opp eit samla oversyn over rekneskapane til laget og særlaga.

(1) L § 11 nr.3           (2) L § 8, 2. leden.

### Endringsframlegg

Rekneskapen (1) for laget og særlaga skal drøftast i rådet (2)

1. I mai/juni for januar – april
2. I oktober for januar – august
3. I mars~~februar~~ for heile året

Særlaga skal før 1. februar~~mars~~ kvart år senda styret og rådet budsjett og godkjend rekneskap for føregående år.

Styret skal setja opp eit samla oversyn over rekneskapane til laget og særlaga, og ein konsernrekneskap for heile verksemda. Konsernrekneskapen blir vedteken av styret og godkjend av årsmøtet i laget.

(1) L § 11 nr.3           (2) L § 8, 2. og 5. leden.

### Framlegg til ny tekst

Rekneskapen (1) for laget og særlaga skal drøftast i rådet (2)

1. I mai/juni for januar – april
2. I oktober for januar – august
3. I mars for heile året

Særlaga skal før 1. mars kvart år senda styret og rådet budsjett og rekneskap for føregående år.

Styret skal setja opp eit samla oversyn over rekneskapane til laget og særlaga, og ein konsernrekneskap for heile verksemda. Konsernrekneskapen blir vedteken av styret og godkjend av årsmøtet i laget.

(1) L § 11 nr.3           (2) L § 8, 2. og 5. leden.

## D. Endringar i Styringsføresegna

### S § 2 Lagsmøte

Styret foreslår ei mindre endring ettersom vi ikkje kunngjer innkalling gjennom oppslag.

#### Noverande tekst med endringsframlegg

Innkalling til lagsmøte<sup>(1)</sup> med sakliste skal kunngjerast ~~ved oppslag~~. Dersom lagsmøtet skal handsama saker der det skal gjerast bindande vedtak, skal innkalling sendast kvar einskild medlem seinast 14 dagar i førevegen. Alle saker som skal avgjerast, må ha stått på saklista. Det skal førast møtebok over program, framlegg<sup>(2)</sup>, røysting<sup>(3)</sup>, og vedtak<sup>(4)</sup>.

#### Framlegg til ny tekst

*Innkalling til lagsmøte<sup>(1)</sup> med sakliste skal kunngjerast. Dersom lagsmøtet skal handsama saker der det skal gjerast bindande vedtak, skal innkalling sendast kvar einskild medlem seinast 14 dagar i førevegen. Alle saker som skal avgjerast, må ha stått på saklista. Det skal førast møtebok over program, framlegg<sup>(2)</sup>, røysting<sup>(3)</sup>, og vedtak<sup>(4)</sup>.*

### S § 7 Hindring mot å ha visse tillitsombod samstundes

Her foreslår styret å gjere ei endring i teksten for å gjere den meir forståeleg. Det er ikkje endring av faktisk innhald, men vi stryk varaordførar i rådet, eit verv som ikkje er i bruk lenger.

#### Noverande tekst

Lagsleiaren og dei andre i styret med varamedlemer<sup>(1)</sup> og ordføraren og varaordføraren i rådet<sup>(2)</sup> kan ikkje vera leiar i eit særslag<sup>(3)</sup> eller i styret for eit økonomisk tiltak laget har meir enn 25 % eigardel i. Styremedlemer i eit tiltak som nemnt, ordføraren og varaordføraren i rådet kan ikkje vera med i eit særlagsstyre<sup>(4)</sup>.

#### Framlegg til ny tekst

*Ingen ha ha slike verv samstundes:*

- Særlegisleiar/hyttestyreleiar og lagsstyremedlem*
- Lagsstyremedlem/særlagsstyremedlem og rådsordførar*
- Lagsstyremedlem/rådsordførar/særlegisleiar og styremedlem i økonomiske tiltak som laget har minst 25 % eigardel i.*

## S § 8 Tilsette som ikkje kan veljast

I dagens paragraf står det at tilsette i økonomisk tiltak laget eig, altså BHAS, ikkje kan veljast til styret i tiltaket. Altså at tilsette i BHAS ikkje kan vere med i styret i BHAS. Det er i strid med lova, som seier at det kan veljast tilsettere representantar. I tillegg foreslår vi å stryke ordet økonomiske tiltak og berre skrive tiltak, slik at dersom BUL har meir enn 25 % eigardel så kan ikkje desse veljast til lagsstyret eller rådet. Det skal sikre at lagstyret kan treffe avgjerder på heilt fritt grunnlag, og tilsette i slike selskap ikkje skal kome i ei uheldig dobbeltrolle.

### Noverande tekst

Tilsette i laget eller i økonomiske tiltak laget eig fullt ut, kan ikkje veljast til lagsstyret<sup>(1)</sup>, rådet<sup>(2)</sup> eller styret for tiltaket

### Framlegg til ny tekst

*Tilsette i laget eller tiltak laget eig meir enn 25 %, kan ikkje veljast til lagsstyret<sup>(1)</sup>, eller rådet<sup>(2)</sup>*

## S § 9 Val til visse ombod i laget

Styret foreslår å stryke Barnelaget, sidan dette særlaget i praksis er nedlagt. Vi foreslår å omformulere det som står om Hyttestyra for å gjere det klarare.

### Noverande tekst

Årsmøtet<sup>(1)</sup> vel til:

Valnemnda, for 1 år , sjå § 12  
Barnelaget, 2 styremedlemer for 2 år(slik at 1 er på val kvart år), 1 varamedlem for 1 år,

Hyttestyra eitt for kvar hytte  
Leiar for 1 år  
4 medlemer for 2 år (slik at 2 er på val kvart år, minst 2 gutar og 2 jenter)

Bunadsnemnda for 1 år, sjå § 16

Målnemnda for 1 år, sjå § 14

(1) L § 11

### Framlegg til ny tekst

Årsmøtet<sup>(1)</sup> vel til:

Valnemnda, for 1 år , sjå § 12  
Hyttestyra eitt for kvar hytte, med ein leiar for 1 år, og 4 styremedlemer for to år (slik at 2 er på val kvart år, minst 2 gutar og 2 jenter)

Bunadsnemnda for 1 år, sjå § 16

Målnemnda for 1 år, sjå § 14

(1) L § 11



## S § 17 Budsjett

Denne paragrafen har ei detaljert opplisting av kva slags budsjett laget skal ha og kva det skal inneheld. Styret ønskjer å forenkla dette til at rådet fastset mellombels budsjett og årsmøtet endeleg budsjett. Dessutan ønskjer vi å ta inn at styret kan gjere endringar innanfor ramma til budsjettet utan å spørje rådet.

### Noverande tekst

Rådet<sup>(1)</sup> skal i november fastsetja mellombels budsjett<sup>(2)</sup> for laget.

Laget skal ha driftsbudsjett og investeringsbudsjett. Driftsbudsjett set av midlar til løn, kontorutloger, blestarbeid, årspengar til samskipnader laget er med i og andre kostnader iden løpande drifta. I vedtaket om driftsbudsjett fastset årsmøtet (3) og kor mange faste stillingar det kan vera på lagskontoret.

Investeringsbudsjettet set av midlar til særskilde prosjekt, større vedlikehaldsoppgåver og anna som ikkje høyrer under driftsbudsjettet. Årsmøtet kan fastsetja at midlar til eit tiltak skal handsamast som saker etter lova § 10 andre leden.

Budsjettendringar kan gjerast på omframt årsmøte. Mindre endringar innanfor budsjettet kan styret gjera etter å ha høyrte rådet. Styret skal revidera budsjettet i samsvar med vedtak etter denne leden og etter lova.

(1) L § 8 (2) og (3) jf. L § 11 nr.7

### Endringsframlegg

Rådet<sup>(1)</sup> skal i november fastsetja mellombels budsjett<sup>(2)</sup> for laget.

~~Laget skal ha driftsbudsjett og investeringsbudsjett. Driftsbudsjett set av midlar til løn, kontorutloger, blestarbeid, årspengar til samskipnader laget er med i og andre kostnader iden løpande drifta. I vedtaket om driftsbudsjett fastset årsmøtet (3) og kor mange faste stillingar det kan vera på lagskontoret.~~

~~Investeringsbudsjettet set av midlar til særskilde prosjekt, større vedlikehaldsoppgåver og anna som ikkje høyrer under driftsbudsjettet.~~

~~Årsmøtet fastset endeleg budsjett for laget. Årsmøtet kan fastsetja at midlar til eit tiltak skal handsamast som saker etter lova § 10 andre leden.~~

~~Budsjettendringar Ei større endring i budsjetttramme kan gjerast på omframt årsmøte. Mindre endringar innanfor budsjettet kan styret gjera etter å ha høyrte rådet. Styret skal revidera budsjettet i samsvar med vedtak etter denne leden og etter lova. Styret kan gjera endringa i budsjettet innanfor ramma som er fastsett av rådet/årsmøtet.~~

(1) L § 8 (2) og (3) jf. L § 11 nr.7

### Framlegg til ny tekst

Rådet<sup>(1)</sup> skal i november fastsetja mellombels budsjett<sup>(2)</sup> for laget.

Årsmøtet fastset endeleg budsjett for laget. Årsmøtet kan fastsetja at midlar til eit tiltak skal handsamast som saker etter lova § 10 andre leden.

Ei større endring i budsjetttramme kan gjerast på omframt årsmøte. Styret kan gjera endringa i budsjettet innanfor ramma som er fastsett av rådet/årsmøtet.

(1) L § 8 (2) og (3) jf. L § 11 nr.7

## S § 18 Rekneskap, endring av paragrafen (står også i punkt C)

### Noverande tekst

Rekneskapen (1) for laget og særlaga skal drøftast i rådet (2)

1. I juni for januar – april
2. I oktober for januar – august
3. I februar for heile året

Særlaga skal før 1. februar kvart år senda styret og rådet budsjett og godkjend rekneskap.

Styret skal setja opp eit samla oversyn over rekneskapane til laget og særlaga.

(1) L § 11 nr.3           (2) L § 8, 2. leden.

### Endringsframlegg

Rekneskapen (1) for laget og særlaga skal drøftast i rådet (2)

1. I ~~mai~~/juni for januar – april
2. I oktober for januar – august
3. I ~~mars~~~~februar~~ for heile året

Særlaga skal før 1. ~~februar~~~~mars~~ kvart år senda styret og rådet budsjett og ~~godkjend~~ rekneskap ~~for føregående år.~~

Styret skal setja opp eit samla oversyn over rekneskapane til laget og særlaga, ~~og ein konsernrekeskap for heile verksemda. Konsernrekneskapen blir vedteken av styret og godkjend av årsmøtet i laget.~~

(1) L § 11 nr.3           (2) L § 8, 2. ~~og 5.~~ leden.

### Framlegg til ny tekst

Rekneskapen (1) for laget og særlaga skal drøftast i rådet (2)

1. I mai/juni for januar – april
2. I oktober for januar – august
3. I mars for heile året

Særlaga skal før 1. mars kvart år senda styret og rådet budsjett og rekneskap for føregående år.

Styret skal setja opp eit samla oversyn over rekneskapane til laget og særlaga, og ein konsernrekeskap for heile verksemda. Konsernrekneskapen blir vedteken av styret og godkjend av årsmøtet i laget.

(1) L § 11 nr.3           (2) L § 8, 2. og 5. leden.

## S § 20 Rådet og økonomiske tiltak laget er med i

I denne paragrafen står det at rådet gjev tilråding om rentesatsar på lån. Styret ønskjer å endre dette til "prinsipp for rentesatsar" ettersom rådet ikkje lenger tilrår om sjølve rentesatsen, men om prinsippet for korleis rentesatsen blir fastsett. Endringa er i 3. ledd

### Noverande tekst

Delårsrekneskapar for økonomiske tiltak <sup>(1)</sup> laget eig fullt ut, skal drøftast i rådet, og så langt det høver til dei tider<sup>(2)</sup> som er nemnde i § 17.

Rådet fastset drøftingsgrunnlaget for andre økonomiske tiltak laget er med i.

Rådet skal kvart budsjettår gjeva lagsstyret tilråding om husleiga, rentesatsar på lån og andre ytingar laget skal ha av økonomiske tiltak laget eig fullt ut.

Medlemene i styret for økonomiske tiltak laget eig fullt ut, har ikkje røysterett når rådet og styret er årsmøte for tiltaket. Det same gjeld i rådssaker om økonomiske ytingar nemnde i tredje leden.

(1) og (2) jf. L § 11 nr. 4

(3) Jf. L § 8 siste leden.

### Framlegg til ny tekst

Delårsrekneskapar for økonomiske tiltak <sup>(1)</sup> laget eig fullt ut, skal drøftast i rådet, og så langt det høver til dei tider<sup>(2)</sup> som er nemnde i § 17.

Rådet fastset drøftingsgrunnlaget for andre økonomiske tiltak laget er med i.

Rådet skal kvart budsjettår gjeva lagsstyret tilråding om husleiga, [prinsipp for](#) rentesatsar på lån og andre ytingar laget skal ha av økonomiske tiltak laget eig fullt ut.

Medlemene i styret for økonomiske tiltak laget eig fullt ut, har ikkje røysterett når rådet og styret er årsmøte for tiltaket. Det same gjeld i rådssaker om økonomiske ytingar nemnde i tredje leden.

(1) og (2) jf. L § 11 nr. 4

(3) Jf. L § 8 siste leden.

## S § 30 Tildeling av livsvarig medlemsskap

I denne paragrafen ønskjer styret å ta inn at heidersmedlemmer automatisk blir livsvarige medlemmer.

### Noverande tekst

Styret kan utnemna lagsfolk til livsvarige medlemmer. Vedtaket krev 5 røyster, og skal nemnast i årsmeldinga.

### Framlegg til ny tekst

Styret kan utnemna lagsfolk til livsvarige medlemmer. Vedtaket krev 5 røyster, og skal nemnast i årsmeldinga. [Heidersmedlemer blir også livsvarige medlemmer.](#)

## E. Framlegg til endringar utan endring av meiningsinnhald

Her er det gjort framlegg til endringar som primært skal rette skrivefeil.

## L § 13 Innmelding i samskipnader

### Noverande tekst

Laget og særlaga kan, med to tredelar fleirtal på eit årsmøte, meldast inn i samskipnad som har same hovudføre mål, når ikkje noko med **sakskipnaden** kjem i strid med lagsføre målet eller andre interesser til laget.

Laget og særlaga kan utanom Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag ikkje vera med i samskipnad som gjer lagsfolket til einskildmedlemer av samskipnaden. Laget kan på årsmøtet gjera unnatak for særlaga når det er viktig for dei.

### Framlegg til ny tekst

Laget og særlaga kan, med to tredelar fleirtal på eit årsmøte, meldast inn i samskipnad som har same hovudføre mål, når ikkje noko med [samskipnaden](#) kjem i strid med lagsføre målet eller andre interesser til laget.

Laget og særlaga kan utanom Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag ikkje vera med i samskipnad som gjer lagsfolket til einskildmedlemer av samskipnaden. Laget kan på årsmøtet gjera unnatak for særlaga når det er viktig for dei.

## S § 10 Val på utsendingar og til ombod utanfor laget

Her foreslår vi nokre mindre språklege justeringar i 2 og 4. ledd

### **Noverande tekst 2. ledd**

Lagsstyret peikar ut styremedlem til Oslo Nye Sparebanks Fond, Den mangfaldige scenen AS og Norsk Barneblad. Det peikar **og** ut representantar til generalforsamlinga i Den mangfaldige Scenen AS.

### **Framlegg til ny tekst i 2. ledd**

Lagsstyret peikar ut styremedlem til Oslo Nye Sparebanks Fond, Den mangfaldige scenen AS og Norsk Barneblad. Det peikar og ut representantar til generalforsamlinga i Den mangfaldige Scenen AS.

### **Noverande tekst 4. ledd**

Ingen kan vera utsending til lag eller samskipnad **e.l.** der **han** er tilsett eller har eit framståande tillitsombod. For Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag, Bygdelagssamskipnaden og Fylkesmållet Vikværingen skal som framståande tillitsombod her berre reknast medlem og fast møtande varamedlem i styret for organisasjonen.

### **Framlegg til ny tekst i 4. ledd**

Ingen kan vera utsending til lag eller samskipnad eller liknande der personen er tilsett eller har eit framståande tillitsombod. For Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag, Bygdelagssamskipnaden og Fylkesmållet Vikværingen skal som framståande tillitsombod her berre reknast medlem og fast møtande varamedlem i styret for organisasjonen.

## S § 16 Bunadnemnda

Endre frå litteraturstudier til litteraturstudiar

### Noverande tekst

Bunadnemnda (1) har 3 til 5 medlemmer. Nemnda vel sjølv leiar.

Nemnda skal arbeida for å fremja bunadskulturen og vera eit rådgjevande opplysende organ for medlemene. Kunnskap om bunadsspørsmål kan m.a. spreiaast gjennom personleg kontakt med lagsfolk og gjennom særskilde bunadskveldar. Lagsfolk skal kunna venda seg til nemnda for å få råd om bunadsspørsmål.

Nemnda skal medvite arbeida for å utvida sitt eige kunnskapsområde. Dette kan m.a. gjerast gjennom **litteraturstudier**, ved å søkja samband med Bunad- og folkedraktrådet i Noreg og Bunadnemnda i Noregs Ungdomslag, museum og husflidsutsala våre og med einskildpersonar som kan gjeva opplysningar om bunader og bunadsbruk.

Nemnda skal leggja fram melding om arbeidet sitt på årsmøtet. (2)

(1) S § 9 jf. L § 11 nr.10 (2) Jf. L § 11 nr. 2

### Framlegg til ny tekst

Bunadnemnda (1) har 3 til 5 medlemmer. Nemnda vel sjølv leiar.

Nemnda skal arbeida for å fremja bunadskulturen og vera eit rådgjevande opplysende organ for medlemene. Kunnskap om bunadsspørsmål kan m.a. spreiaast gjennom personleg kontakt med lagsfolk og gjennom særskilde bunadskveldar. Lagsfolk skal kunna venda seg til nemnda for å få råd om bunadsspørsmål.

Nemnda skal medvite arbeida for å utvida sitt eige kunnskapsområde. Dette kan m.a. gjerast gjennom [litteraturstudiar](#) ved å søkja samband med Bunad- og folkedraktrådet i Noreg og Bunadnemnda i Noregs Ungdomslag, museum og husflidsutsala våre og med einskildpersonar som kan gjeva opplysningar om bunader og bunadsbruk.

Nemnda skal leggja fram melding om arbeidet sitt på årsmøtet. (2)

(1) S § 9 jf. L § 11 nr.10 (2) Jf. L § 11 nr. 2

## S § 25 Røysting

Endre frå Røysting til røysting

### Noverande tekst

Open **Røysting**: (1)

Den vanlege røystingsmåten er at dei som røystar for eit framlegg, reiser seg.

Deretter er det motprøve.

Skriftleg røysting: (2)

Den som røystar skal skriva på røystesetelen korleis han røystar, og sjølv leggja setelen i urna.

Røyster nokon annleis enn det er høve til, skal røystesetelen vrakast.

Røystemåten må vera oppgjeven og godteken før det vert røysta.

Ein medlem som ikkje er i salen når røystinga tek til, får ikkje røysta.

### Framlegg til ny tekst

Open **røysting**: (1)

Den vanlege røystingsmåten er at dei som røystar for eit framlegg, reiser seg.

Deretter er det motprøve.

Skriftleg røysting: (2)

Den som røystar skal skriva på røystesetelen korleis han røystar, og sjølv leggja setelen i urna.

Røyster nokon annleis enn det er høve til, skal røystesetelen vrakast.

Røystemåten må vera oppgjeven og godteken før det vert røysta.

Ein medlem som ikkje er i salen når røystinga tek til, får ikkje røysta.

## S § 25 Røysteoppgjer

Endre frå “opteljinga” til “oppteljinga”.

### Noverande tekst

Oppteljing av røystene skal gjerast av ei nemnd som møtet vel. Er det uhøveleg å telja opp med det same, kan **opteljinga** utsetjast, men må gjerast innan 2 dagar. Til då skal røystesetlane liggja i ein lukka konvolutt, påskriven av to medlemer frå nemnda. Nemnda gjev styret skriftleg og underskriven melding om utfallet

### Framlegg til ny tekst

Oppteljing av røystene skal gjerast av ei nemnd som møtet vel. Er det uhøveleg å telja opp med det same, kan **oppteljinga** utsetjast, men må gjerast innan 2 dagar. Til då skal røystesetlane liggja i ein lukka konvolutt, påskriven av to medlemer frå nemnda. Nemnda gjev styret skriftleg og underskriven melding om utfallet

## S § 26 Tidsgrense for avgjerder

Endre frå “ilagssaker” til “i lagssaker”.

### Noverande tekst

Avgjerd ilagssaker kan ikkje takast etter kl. 23.00, utan at møtet under fastsetjing av saklista har vedteke å halda på lenger. Avgjerd kan ikkje takast etter kl. 24.00.

### Framlegg til ny tekst

Avgjerd *i lagssaker* kan ikkje takast etter kl. 23.00, utan at møtet under fastsetjing av saklista har vedteke å halda på lenger. Avgjerd kan ikkje takast etter kl. 24.00.